

# KYRKJEBLAD

*For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen*





## Kyrkjetrappa

### KYRKJEKONTORET I KVITSEID

Telefon: 35 06 81 31  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid  
kyrkja.no/kviteseid



**Kyrkjevevjerje**  
Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Håkon Heggveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



**Sokneprest**  
Møyfrid Lunde  
Kontor tlf: 35 06 81 32  
Mobil tlf: 46 90 72 31  
sokneprest.kviteseid@  
kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48  
kyrkjetenar@  
kyrkjetrappa.no



**Organist**  
Olav Holm  
Mobil: 93 40 11 56  
organist@  
kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Bjørn Stian Sigurdslid  
Mobil tlf: 97 07 87 71



**Trusopplærar og  
kyrkjelydssekretær**  
Knut Ove Lofstad  
Kontor: 35 06 81 28  
Mobil tlf: 99 61 65 26  
tru@kyrkjetrappa.no



**Prostidiakon**  
Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
eilever@online.no

#### Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.  
Framsida: Altarbukett laga av Kirsti B.  
Skjæveland, foto: Møyfrid Lunde.  
Utforming og trykk: ETN Grafisk

## ANDAKT

## Ein haustbukett ein vingardssundag

Når vi feirar gudsteneste på sundagane, er det noko vi gjer saman. Som prest har eg fått ei særmerkt teneste med å leie, forkynna Guds ord og forvalta dei heilage sakramenta dåp og nattverd. Men her er mange andre som bidrar i gudstenester og kvardagar på kvar sine måtar. På framsida kan du sjå eit døme på frukta av ei teneste med å sørge for blomar til altaret. Denne buketten tala til meg ein sundag i september. Det var vingardssundag. Ute var det alt haustleg, men likevel var her nok av blomar og grønt å glede seg over. Druene sto til tema for dagen og vart ei synleg påminning om likninga som har sett namn på denne dagen i kyrkjeåret.

Jesus brukte likningar for å gje oss ei forståing av korleis Guds rike, himmelriket, er annleis enn verda slik vi kjenner henne. I likninga om vingarden fortel Jesus om ein vingardseigar som er ute på torget frå tidleg morgon for å finne arbeidarar som vil komme og arbeide for han i vingarden. Sjølv om han stadig er innom for å sjå etter nye som er ledige på torget, har han alltid plass til fleire i arbeidsstokken sin. Til og med siste timen før det er mørkt er han ute og inviterer med seg dei siste. Det er tydelegvis ikkje arbeidet dei får utført for han som er det viktige, men at dei høyrer til i fellesskapet rundt han. For når dagen er slutt og løna skal delast ut, får alle same løn. Ingen får mindre enn avtalt, men

mange får meir enn dei rekna med. For han gjer med sitt eige som han sjølv vil og deler ut av sin godleik.

Kyrkja vår er del av dette fellesskapet, der Jesus er den som samlar oss. Her er alle invitert til å vere med. Haustbuketten minner meg om at vi som menneske blomstrar til ulike tider. Nokon er som vårbloomar som finn sin plass i det kristne fellesskapet frå dei er små. Kanskje dei syng i barnekor eller inviterer med seg vener på sundagsskulen. Andre er som sommarblomar som nyttar sine evner og nådegåver i sin beste alder. Men mange er òg som haustblomar og finn sin plass i fellesskapet fyrst når yrkeslivet tek slutt. I Guds rike er det plass for alle aldrar, og her er oppgåver nok for alle. Til og med når vi er svake og alderen gjer at vi må ta imot omsorg frå andre, bidrar vi til fellesskapet ved å gjere det mogleg for andre å gje omsorg, kjærleik og tenester.

Gud er som vingardsmannen som har den store oversikten. Han kan skape eit fargerikt og fruktbart fellesskap av alle som vil høyre til Jesus. Har du funne din plass, eller står du ledig på torget?

*Tekst: Møyfrid Lunde, sokneprest*

# Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Nepal

*Kviteseid sokn har dei siste åra hatt eit fast prosjekt vi har støtta i Nepal. Her er ei fersk rapport frå misjonær Liv Wendel frå arbeidet vi har vært med og støtta desse åra.*



*Heile sjukepleiarskulen på avslutningsfesten for dei to første kulla.*

## **Livet i Okhaldhunga**

Då eg flytta til Nepal i 2015, var det ei eldre dame som gav meg eit godt råd etter mange år som internasjonal arbeidar: *Tak vare på gleden og undringa, Liv; tenk at du er på oppdagingsferd, ver nyfiken og opptatt av stadig å lære noko nytt!*

Dette har vist seg å vere kloke ord, og eg kjem stadig tilbake til dei. Det er gjerne slik eit barn møter verda. Og når ein kjem til ein ny stad, så er ein på mange måtar som eit barn, ein må lære alt mogleg på nytt. Ein må lytte seg inn på det som er på staden.

Nå har eg vore her nokre år og vil gjerne leggje til eit ord sjølv også:

## **Fleksibilitet**

Ein må halde ting litt laust i handa. Ingen veit kor lenge ein får vere og halde på med det ein gjer. Situasjon, behov og moglegheiter endrar seg, og ein må tilpasse seg det som skjer utan å halde for hardnakka på det ein trudde ein skulle gjere. Om planane var aldri så gode, så kan det hende dei ikkje let seg gjennomføre. Då gjeld det å vere open for dei oppgåvene og dørene som faktisk opnar seg. Samstundes gjeld det sjølvsaugt å vite kva ein ikkje skal gi slipp på, same kva

som skjer. Ein treng eit ankerfeste. For meg er dette ankerfestet Guds uendelege kjærleik. Å elske Gud og nesten sin, det er det vi er kalla til, same om vi er her eller der, om vi gjer det eine eller det andre.

Livet i Okhaldhunga er mangfaldig og kjennest som i stadig endring. Men det viktigaste eg har vore med på her – og det de i Kviteseid har vore med å støtte gjennom Kyrkjelydens Misjonsprosjekt – er utdanning av nye sjukepleiarar. Okhaldhunga Community Hospital starta opp ein sjukepleiarskule for fire år sidan. Jordmorfaget er ein stor del av tredje året på sjukepleiarstudiet i Nepal. Som jordmor var planen at eg skulle følge avgangsstudentane, i undervisning og oppfølging i praksis. Då eg flytta til Okhaldhunga i april 2021 hamna eg midt i deltabølgja av covid. Alt utanom sjukehusdrifta blei sett på vent på ubestemt tid. Men her som overalt elles opna skulen og samfunnet etter kvart opp igjen og kom sakte i gang. Då fekk eg dei to første kulla med avgangsstudentar, til saman 39 studentar, å undervise i jordmorfag og følgje opp i praksis på føden. Det første kullet var ei spesiell gruppe; dei var alle på stipend frå styresmaktene, fordi dei hadde utmerka seg med gode karakterar og var frå marginaliserte grupper. I år har vi éi avgangsklasse, med 20 studentar. Det har vore, og er, eit sant privilegium å følgje desse studentane, sjå dei vekse i kunnskap og dugleik og bli meir trygge; sjå når noko plutselig klikkar på plass for nokon i praksis, som dei har lært om i teori; forsøke å formidle at det ikkje berre handlar om dugleik heller, men om ei haldning av respekt for dei vi møter



*Sutureringskurs med studentane.*

på føden og overalt elles på sjukehuset. Studentane er unge; dei kan starte på studiet når dei har fullført 10. klasse. Det er mykje ansvar å skulle bli klar for som tenåring, men dei er tøffe og lærevillige, og dei hjelper kvarandre.

Nå får skulen dessverre ikkje lenger halde fram. Styresmaktene har sett krav om at ein må ha eit 100-sengers sjukehus for å drive sjukepleiarskole. Sjukehuset her er godkjent for 50 senger, og vi er langt unna krava til eit større sjukehus. Dette gjeld ikkje berre oss; over heile Nepal stengjer sjukepleiar-skular på grunn av desse reglane, og ungdom må i praksis reise til ein av de store byane for utdanning nå.

Det siste kullet vårt skal ha sine avsluttande eksamenar før jul i år, og med det vert altså sjukepleiar-skulen her avvikla. Ein gong i framtida vil skulen kan hende kunne opne igjen, men for denne gongen blei dette eit heller kort kapittel, og ikkje som ein hadde trudd då det starta. Vi skulle så gjerne ha halde fram. Det er stort behov for sjukepleiarar, og

studentane tilfører sjukehuset noko viktig i måten dei er her på. Og likevel, 59 nye sjukepleiarar har fått eller er i ferd med å få ferdig utdanning her. Nå er mange av dei i jobb rundt om i landet. Eg kjenner meg usedvanleg heldig som har fått følgje dei dette stykket i livet.

For eigen del er det litt usikkert kva eg skal til med vidare. Det finst andre ting her som eg allereie er engasjert i. Eit Mental Helse-prosjekt starta opp i fjor med støtte frå Normisjon/Digni. Det har vore vanskeleg å rulle i gang, og det treng framleis mykje innsats og koordinering for å kunne bli meir effektivt. Behova er store, stigma gjer det vanskeleg å oppsøkje hjelp, og her som andre stader har utfordringane vakse sidan pandemien. Ambika Magar er psykosocial counsellor og viktig medarbeidar i dette arbeidet. Målet er å styrkje psykiatri-tenesta på sjukehuset og auke medvitnet rundt mental helse både på helsestasjonane og blant vanlege folk.

Misjonsprosjektet dykkar bidreg også til pasientstøttefondet ved sjukehuset. Dette er eit fond som gjer at dei aller fattigaste pasientane kan få likeverdig behandling som dei som kan betale. Ulikt i Noreg, der skatt og solide sosiale system gjer at sjukehusbehandling er gratis når ein treng det, må ein her betale når ein treng behandling. Nå er det blitt meir og meir vanleg å ha helseforsikring som dekkjer ein del av beløpet. Det er likevel ikkje uvanleg at sjukdom kan føre til ei sjukehusrekning som fører til personleg ruin og store lån. Men nettopp her finn vi noko av det som skil vårt misjons-sjukehus frå andre private

sjukehus: Her skal dei fattigaste sleppe å ta opp lån for å få behandling. Ein gjer ei vurdering i kvart enkelt tilfelle. Dei fleste har høve til å bidra med noko av beløpet, og så vert resten dekkja av pasientstøttefondet. Dette hadde ikkje vore mogleg om ein ikkje hadde støtte frå Normisjon og private gjevarar.



*Ambika og Liv i Khijidemba, eit område i Okhaldhunga der Mental Helse-prosjektet driv samfunnshelsearbeid.*

### **Be og takk:**

- For dei 59 studentane som har fått/er i ferd med å avslutte sjukepleiarutdanning ved Okhaldhunga Sjukehus. Be om Guds velsigning over dei, og at dei må få vere til velsigning der dei er.
- Be for Mental Helse-prosjektet. Be om eit godt og velkoordinert team som har hjarte for mental helsearbeid. Be om at arbeidet må lukkast, at dei som strever med mental uhelse kan få ein betre kvardag, bli møtt med respekt og få den hjelpa dei treng.
- Be for sjukehuset og alle tilsette. Om at arbeidet her må leiast og utførast på ein måte som gjer at visjonen om 'Ære til Gud, velsigning til menneske' blir verkeleg i kvardagen.

# Speidararbeid i Kviteseid

*Av: Olav Mosdøl*



*Speidargruppa gjer speidarhelsing etter å ha gjeve speidarløftet i 2023.*

**Sundag 17. september hadde sokneprest Møyfrid Lunde lagt opp til ei innhaldsrik og stemningsfull gudsteneste i Kviteseid kyrkje. Der var god deltaking av unge og eldre og presentasjon av konfirmantar. Elles var Kviteseid speidargruppe aktivt med. Der er Ane Holm hovudleiar. I samtale med henne etterpå får kyrkjebladet innsyn i opplegg og det lokale arbeidet for speidarane.**

*– Kva med Ane si plassering i Kviteseid?*

Ho fortel at Olav Holm og ho kom som ungt ektepar til Kviteseid i 2002. Han byrja som lektor i realfag på Kvitsund gymnas og jobba der i 7 år. Ho fekk stilling som nyutdanna lege i Seljord og har blitt verande der fram til i dag. Med små barn fann dei seg tidleg til rette blant unge familiefolk, som var knytt til Misjonskyrkja på Betel. Der var ein generasjonsmøtestad, og det vart drive med speidararbeid frå 2006 til 2011.

*– Korleis har speidararbeidet utvikla seg?*

– For tre år sidan hadde Hans Kristian Aabø og Vidar Syrtveit Mikalsen i soknerådet ynskje om å starte opp att speidararbeidet. Eg fekk nyss om det og tok kontakt. Knut Ove Lofstad (trusopplærar) og Olav Fjalestad ville óg vere med. Då vi starta opp kom Torbjørn Skjæveland med; og for eitt år sidan Justin Dean, som hadde vore speidar i Canada. Som gruppe er me organisert som eit samarbeid mellom den norske kyrkja i Kviteseid og Kviteseid misjonskyrkje (Betel). Me



Lily Wikse Bentsen og Ane Holm samarbeider om å lage bordplate av stokkar og tau på pinseleiren 2023

høyrer med i Misjonskyrkjas speiderkorps (MSK) som er tilknytt Norges speiderforbund.

– *Kva vil du seie om opplegg og særpreg for speidarane?*

– Me har både gutar og jenter i vår gruppe. I alt ca. 20. Førebels er det berre frå 5. klasse og oppover, men det hadde vore moro å starte speidararbeid for dei som er yngre óg. Speidarrørsla blei grunnlagt i 1907 av Robert Baden-Powell. Ideen bak speidarrørsla er å utvikle barn og ungdom fysisk, mentalt og spirituelt - slik at dei blir ansvarsfulle menneske, som kan ta aktivt ansvar i samfunnet. Denne fostringa skjer gjennom speidar-metoden, der friluftsliv og at ungane sjølv prøver seg fram er sentralt. Eit kjenneteikn for rørsla er speidardrakta. Speidarlova syner verdiane som ligg til grunn for speidararbeidet, og lyder slik i dag for Norges speiderforbund, fortel Ane Holm:

– **1.** Ein speidar søker si tru og respekterer andre si tru. **2.** Ein speidar kjenner ansvar for seg sjølv og andre. **3.** Ein speidar er hjelpsam og omsynsfull. **4.** Ein speidar er ein god ven. **5.** Ein speidar er ærleg og påliteleg. **6.** Ein speidar kjenner naturen og vernar om den. **7.** Ein speidar tenkjer



Speidarar og leiarar etter ei veke på krinsleir sommaren 2023.

og handlar sjølvstendig og prøvar å forstå andre. **8.** Ein speidar gjer sitt beste i motgang og vanskar. **9.** Ein speidar er nøysam og prøvar å klare seg sjølv. **10.** Ein speidar arbeider for fred og forståing mellom menneska.

– *Kven kan delta i speidar-rørsla i Kviteseid?*

– Alle er velkomne, du treng ikkje å vere god i friluftsliv, tru på Gud eller snakke norsk. Aldersgruppa for speidarane er 4. klasse til 10. klasse. Ein kan også delta i roverlaget frå 16 år og oppover. Etter ein aspirantperiode blir ein oppteken ved å avleggje speidarlovnaden: Eg lovar etter beste evne å søkje mitt livssyn, hjelpe andre og leve etter speidarlova. Me har ei god leiargruppe med ungdom og vaksne som utfyller kvarandre og trivst saman.

– *Har Ane eit helsingsord til slutt?*

– Det må vere: Det er utviklande og verdfullt å vere speidar og speidarleiar. Ein blir glad ved å vere saman med dei andre, får flotte opplevingar ute i naturen, lærer seg å meistre nye ting, får respekt for verdiar og forskjellar, og delar ord og tankar om livssyn og Gud. Me ynskjer gjerne nye speidarar og leiarar velkomne i gruppa vår.

# Den nye KYRKJESTØGO i Kviteseid treng inventar

Varmepumpe, kjøleskap, komfyr og oppvaskmaskin.

Stolar og bord får vi overta frå Misjonshuset. Dei var tidlegare ei gåve frå Vrådal bedehus.

Her er litt av det rommet kan brukast til: Konfirmantundervisning m/matservering, sundagsskule og andre trusopplæringstiltak for born og unge, samtalerom, møter for komitear og utval i kyrkja, backstage ved konsertar/større arrangement, utlån/utleige. Slik ser bygget ut før solcelleplater og skifertak kommer på plass. Vi gler oss!



**Gje di gåve på konto 2660.45.14648 merka med KYRKJESTØGO eller Vipps til nr 3850, kategori '10 KYRKJESTØGO'. Takk for di gåve!**

<b>Kvittering</b>		
Innbetalt til konto 2660.45.14648	Beløp	Betalersens kontonummer
Betalingsinformasjon		<b>GIRO</b>
		Underskrift ved girering
Betalt av		Betalt til
		Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid
Kroner	Øre	Til konto
	< >	2660.45.14648

# Friluftsgudsteneste på Huvestad

Tekst og foto: Møyfrid Lunde



Eg har høyrte om denne flotte plassen sidan eg kom til Kviteseid som prest. Der har vært halde friluftsgudsteneste tidlegare, men no var det mange år sidan. Hans Berge som eig plassen i dag kunne fortelje at der endåtil var messe med barnedåp mange år tilbake. På førehand hadde vermeldinga vært svært dårleg. Men då morgonen kom, stoppa det å regne. I staden vart vi velsigna med godt og tenleg ver.

Fleire av dei som fann vegen denne sundagen hadde aldri vært på plassen før. Det gjaldt turistar frå utlandet, men òg fleire av dei som har vakse opp i kommunen.

På plassen hadde dei reist eit stort kors i bjørk, og her var ei fin slette å sitje på. Møyfrid Lunde leia gudstenesta, og Simon Skyttemyr spelte piano til salmar og liturgi.



Etter gudstenesta fortalde Hans Berge om plassen og drog nokre historier frå tidlegare tider. Kyrkjelydstuvalet som er knytt til Brunkeberg kyrkje hadde ordna kaffi. Fleire nytta òg sjansen til å ta turen vidare opp til den kjende «paraplysteinen». Takk til Hans Berge og søner som tok så godt imot oss!



# BARNAS

## Finn 10 fiskar

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige fiskeartar. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

T	O	M	S	I	L	P	Å
V	E	R	L	H	A	R	R
I	T	O	R	S	K	R	Ø
G	J	R	H	E	S	M	K
G	J	E	D	D	E	A	K
A	V	T	B	I	U	K	Æ
B	Ø	R	R	E	T	R	O
B	L	N	U	Q	S	E	I
O	M	F	Y	S	I	L	D
R	K	I	S	T	Å	L	V

- Doktor, eg trur eg kan sjå inn i framtida.
- Kor lenge har du hatt det slik?
- Sidan neste tirsdag.

## Vitsar

- Kva kallar ein ungane til ein sau?
- Bæbyar

## Finn fem feil!

Her får disipline masse fisk. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Claudia Chiaravalloti

Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Labyrint

Kan du hjelpe fisken å komme seg gjennom labyrinten?



## Det nye soknerådet

Her er dei som vart valde til soknerådet for 2023-2027. Vi gratulerer og ynskjer dei lukke til med dei mange viktige oppgåvene! Dei 8 fyrste er faste medlemmer og dei 5 siste er vara i rett rekkefylgje. Grunna trykketida for bladet, får vi ikkje med her kven som er vald til leiar og nestleiar for det komande året. Sjå etter oppdateringar på nettsida vår kyrkja.no/kviteseid.

Valdeltakinga gjekk ned frå 20 % til 17 % samanlikna med sist val som var i 2019.

Anne Marit Sørby	Vrådal
Astrid Breivik	Vrådal
Sigrun Moen	Kviteseid
Dagfinn Køhn	Kviteseid
Knut Gjersund	Morgedal
Solveig Aabø Løfgren	Kviteseid
Trond Andreas Fjågesund	Fjågesund
Anne Oddny Foldøy	Kviteseid
Ida Elisabeth N. Sigurdslid	Kviteseid
Monica Haugestøl	Fjågesund
Geir Helge Susort	Åsgrend
Jorun Simonsen	Kviteseid
Jan Rune Bjørnson	Kviteseid



## Den nye KYRKJESTØGO i Kviteseid

På enden av bårehuset i Kviteseid er det no reist eit påbygg som vi vil kalle Kyrkjestøgo. No er ytterveggane og sparklinga innvendig ferdig. Vidare skal tak og vegger målast, og det skal leggjast golv.

På taket kjem det skiferstein før vinteren. Det gjer at bygget står meir i stil til kyrkja. På sørsida, mot kyrkja, skal det monterast Solcelleanlegg både på bårehuset og på kyrkjestøgo.

**Vi ser fram til å kunne ta rommet i bruk!**

## Kva skjer i kyrkjene



Ljosmesse

### LJOSMESSE

Onsdag 1. november kl. 18.00 i Kviteseid gamle kyrkje. Kle deg godt til denne stemningsfulle kveldsmessa.

Ifylgje Kjetil handlar songane om liv, natur, kultur og relasjonar, ting som vesttelen lett kan kjenne seg att i. Unn deg påfyll denne sundagen!

### KONSERT

Sundag 12. november kl. 19.00 i Kviteseid kyrkje. Endeleg kan me ynskje Kjetil Flatland velkommen attende. Me kan love ei svært stemningsfull stund i haustmørket. Kjetil spelar saksofon og syng eigenskrivne songar, blanda med salmar og folketonar. Han har med seg Helge Wahl Flatland på tangentar/flygel.

### SONGKVELD

Onsdag 29. november kl. 18.00 i Kviteseid kyrkje. Kviteseid hornmusikk og Olav organist spelar til allsong av jolesongar. Kom og øv deg til jol!



Jolekonsert med "No Boots"

## JOLEKONSERT

sundag 3. desember kl. 18.00 i Fjågesund kyrkje med gjengen I "No Boots". Dei legg opp til eit variert repertoar og er veldig fornøgde med at bygdas eigne Veslemøy Bratås og Andrea Fjågesund blir med som gjesteartistar. I tillegg blir Merete Jørgensdottir Reinskås med på piano.

## ADVENTKONSERT

For eldre onsdag 6. desember kl. 11.00 i Kviteseid kyrkje. Organisten syr saman eit fint program av ord og tonar. Det vert langbord med graut, kaffi og kake.

## ADVENTSKONSERT

Sundag 17. desember kl. 17.00 i Kviteseid kyrkje. Tradisjonen tro inviterer me tredje sundag i advent til stor adventskonsert, der alle bygda sine kor saman med hornmusikken skapar god førjolsstemning. Det blir sjølvstekt og høve til å syngje med, og Møyfrid held andakt.

## Føremiddagstreff

Onsdag 25. oktober  
kl. 11.00 på Misjonshuset

Onsdag 22. november  
kl. 11.00 på Misjonshuset

Onsdag 6. desember – adventskonsert  
for eldre i Kviteseid kyrkje kl. 11.00

## LIVETS GANG

### Døypte

#### *Brunkeberg:*

Tarjei Moen Gjelstad  
Anne Berit Moen Magnussen  
Sara Eliassen  
Ingrid Eliassen  
Marie Eliassen  
Sindre Eliassen

#### *Kviteseid:*

Daniel Stabæk-Isaksen  
Tiril Todal Moen  
Isak Miguel Bonachea-Kåsi

#### *Vrådal:*

Emil Lønnegraff

### Vigde

#### *Vrådal:*

Lynn Dittrich og  
Kjetil Nordbø Jørgensen  
Erna Øygarden og  
Harald Lønnegraff

### Døde

#### *Brunkeberg:*

Retting frå førre blad:  
Solvår Hovdekleiv  
Margit Bjåland

#### *Kviteseid:*

Björg Ståland  
Gudrun Birgitt Landberg  
Gudrun Dalen  
Gunnar Kleiv Waal  
Gjertrud Anni Nord Sørensen

## OPPSLAGSTAVLA

### Dåp – konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde dåp, konfirmasjon og vigsel: kyrkja.no/kviteseid

### Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring Kirsti Skjæveland tlf. 412 64 364.

### Besøksteneste

Ønsker du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna.

Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

### Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat

heim eller på ein institusjon? Ta kontakt med prest, Møyfrid Lunde mob. 469 07 231 eller med prostidiakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

### Lys Vaken for 5.-6. klassingar 2. – 3. desember

Vi inviterer alle i 5. og 6. klasse til overnatting i Kviteseid kyrkje frå laurdag til sundag. Denne helga startar eit nytt kyrkjeår. Vi skal ha mykje kjekke aktivitetar, feire nyttår med eit festmåltid og førebu noko fint til gudstenesta for alle på sundag. Dei som er medlemmer får eigen invitasjon i posten. Alle andre er velkommen til å ta kontakt for å få informasjon og melde seg på.

## MISJONSHUSET

Sundag	15.10.	kl. 17.00	RIK bibelbruk, vi les brevet til Titus
Tysdag	17.10.	kl. 19.30	Kveldsbibelskule v/Dag Erik Asdahl
Sundag	22.10.	kl. 11.00	0-100 med sundagsskule, Øyvind Benestad
Tysdag	24.10.	kl. 19.30	Tysdagsmøte, Kristian Espeland
Sundag	29.10.	kl. 11.00	0-100 familiemøte, Inge H. Jore
Tysdag	31.10.	kl. 19.30	RIK bibelbruk, Salme 119,1-88
Sundag	05.11.	kl. 17.00	0-100 vitnemøte og nattverd
	7.-12.11.	kl. 18.00	Møteveke, Jens Iver Jensen
Sundag	19.11.	kl. 17.00	0-100 med nattverd og sundagsskule, D.E.A.
Tysdag	21.11.	kl. 19.30	RIK bibelbruk, Salme 119,89-176
Sundag	26.11.	kl. 11.00	0-100 vitnemøte, pause med mat
Tysdag	28.11.	kl. 19.30	Kveldsbibelskule v/Dag Erik Asdahl
Sundag	03.12.	kl. 17.00	Songmøte, Herdis og Øyvind Jørgensen
Tysdag	10.12.	kl. 11.00	Adventfest, D. E. A. bollar og kakao

Det er bønemøte ein halv time før møta.



RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

## GUDSTENESTELISTE

### OKTOBER

#### Sun 15. 20. Sondag i treeningstida,

Joh 11,1-5

*Kviteseid* kl. 11.00. Gudsteneste.

Møyfrid Lunde.

Sundagsskule. Oftr. kyrkjelydsarbeidet.

#### Sun 22. 21. Sondag i treeningstida,

Matt 22,15-22

*Vrådal* kl. 11.00. Familiegudsteneste.

Møyfrid Lunde.

Gullkonfirmantar, presentasjon av årets konfirmantar.

Oftr. TV-aksjonen.

#### Sun 29. Bots- og bøneda,

Luk 13,22-30

*Brunkeberg* kl. 11.00. Gudsteneste.

Møyfrid Lunde.

Oftr. kyrkjelydens misjonsprosjekt.

### NOVEMBER

#### Ons 1. Ljosmesse

*Kviteseid* gamle kyrkje kl. 18.00.

Kveldsmesse. Møyfrid Lunde.

#### Sun 5. Helgemessesundag,

Matt 5,1-12

*Kviteseid* kl. 11.00. Gudsteneste.

Møyfrid Lunde og Eilev Erikstein.

#### Sun 12. 24. Sondag i treeningstida,

Joh 6,63-69

*Fjågesund* kl. 11.00. Gudsteneste.

Møyfrid Lunde.

Song av Ågapet. Oftr. Stefanusalliansen.

#### Sun 19. 25. Sondag i treeningstida,

Mark 2,1-12

*Brunkeberg* kl. 11.00.

Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde.

Utdeling av 4-års bok. Oftr.

kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

#### Sun 26. Siste sondag i kyrkjeåret,

Matt 25,31-46

*Vrådal* kl. 11.00. Gudsteneste. Kjell

Johan Nenseter.

Oftr. kyrkjelydsarbeidet.

### DESEMBER

#### Sun 3. 1. sondag i adventstida,

Luk 4,16-22a

*Kviteseid* kl. 11.00. Familiegudsteneste

med deltakarar frå Lys Vaken.

Møyfrid Lunde. Oftr. Kyrkjelydens

trusopplæringsarbeid.

#### Sun 10. 2. sondag i adventstida,

Luk 21,27-36

*Kilen* kl. 16.00. Gudsteneste. Møyfrid

Lunde. Eit annleis jolebord

Oftr. kyrkjelydens misjonsprosjekt.

#### Fred 24. Joleftan,

Luk 2,1-20

*Fjågesund* kl. 12.45. Møyfrid Lunde.

*Vrådal* kl. 14.30. Asgeir Sele

*Brunkeberg* kl. 15.00. Møyfrid Lunde.

*Kviteseid* kl. 16.15. Møyfrid Lunde.

Oftr. Kirkens nødhjelp i alle kyrkjer.

#### Mån 25. Joledda,

Joh 1,1-14

*Kviteseid* kl. 11.00.

**Høgtidsgudsteneste.** Møyfrid Lunde.

*Vrådal* kl. 13.30. Høgtidsgudsteneste.

Møyfrid Lunde.

Oftr. Det norske misjonsselskap (NMS).

#### Sun 31. Nyttårseftan,

Matt 10,16-22

*Kviteseid* kl. 23.15. Gudsteneste.

Møyfrid Lunde.